

**Varmtvannsbassenget, - eit fantastisk tilbud!**

28.11.2007

**Varmtvannsbassenget i Husnestunet har vorte eit godt tilbud. – Det er berre heilt alle tiders, seier leiaren i Kvinnherad Revmatikarlag, Bjørg Hauge. Ho fortel at laget hennar har leigt tid to kveldar i veka. Då er det og ope for dei som ikkje er medlemmar i revmatikarlaget.**

- Mandag har vi to timar frå 18 til 19, og frå 19 til 20. Då er det trim med instruktør. Vi trimmar til flott musikk, og har ein fantastisk instruktør i Liv Astrid Ekornrød. Det er berre kjempegøy, og så er det ein veldig god form for trim, fortel den drivande og entusiastiske revmatikarleiaren.

Ho fortel vidare at dei i tillegg til dette også har tid på torsdagar frå kl.19 til kl.20. Då har vi ikkje instruktør, og ein styrer aktiviteten sjølv. Også dette er eit godt tilbud.

Bjørg understrekar at dette også er tilbud til dei som ikkje er medlemmer i revmatikarlaget. Ho ønskjer alle velkomne til triveleg og helsebringande aktivitet.

Av: Thor Inge Døssland.